



Lillian Kjeilen  
Ortustranden 8  
5143 Fyllingsdalen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1005 - 23/9496

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no


Dato:  
03.02.2023

## **Spørsmål om bygningstype og melding om adressesildeling til bygg på GBNR 125/18 Kjeilen indre**

På eigdommen gbnr 125/18 har me oppdaga feil i bygningsopplysningane i matrikkelen.

Bygget som ligg her er registrert med bygningstype «annen landbruksbygning», noko som tydelig er ei feilregistrering. Bygget er registrert i samband med massivregistrering av bygg på 1990- talet. Det vart då brukt flyfoto og lokalkunnskap til fastsetjing av bygningstype.

Tomta er oppretta i 1942 og eigar frå 1943 var Kaspar Keilen. Flyfoto frå 1967 viser at det då var bygg på denne tomte, som samsvarar med bygget som også er der i dag. Det viser også ein «kjerreveg» fram til bygget.



Nyare skråfoto og flybilder ( her frå 2018) viser at dette mest truleg er eit våningshus/ einebustad i 2 etasjar, med køyrbar veg.



**Bygg som er av typen bustadhus eller fritidsbustader skal ha tildelt offisiell adresse. Dette bygget har ikkje fått tildelt adresse pga at det har hatt feil bygningstype.**

Slik me forstår dette, er tidlegar eigar som bygde dette huset død, og at du overtok denne eigedommen 11.11.2021.

Dersom dette vart bygd som eit bustadhus skal det enten ha bygningstypen einebustad -111 eller våningshus -113 ( bustadhus på landbrukseigedom). Slike bygg skal registrerast slik det vart bygd. Dersom det i dag vert brukt som fritidshus, skal det det enten ha koden 162- heilåsbustad brukt som fritidsbustad, eller 163- våningshus brukt som fritidsbustad. Dersom dette ikkje har vore heilåsbustad og du meiner at rette koden er 161-fritidsbustad må du dokumentera dette.

Bustader/fritidsbustader er også pliktig til å betala renovasjonsavgift til NGIR, og å ha branntilsyn/feiring og elles betala for andre kommunale ytingar dei eventuelt er brukar av ( offentlig VA).

Bygget skal også ha tildelt adresse. Slik tildeling vert gjort i eige vedtak, når bygget er registrert med rett bygningstype.

Me ber om snarleg tilbakemelding frå deg på kva som vert rett registrering for dette bygget.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lillian Kjeilen

Ortustranden 8

5143

Fyllingsdalen